

Staten og Den norske kirke - Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: *Bømler Skoleid*

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

dok 600

200606109	22.11.06
Kodde: SD1	

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Sjå vedlegg 6 røyster

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles *6 røyster*
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget *6 røyster*
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift *6 røyster*
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag *b. røyster*
 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

Sjå medlegg

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene *b. røyster*
 Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget *b. røyster*
 Det humanistiske verdigrunnlaget
 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:


Sjå medlegg

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellestråd) *b. røyster*
 Kommunen
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret *b. røyster*
 Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Vet ikke / ønsker ikke å svare



DEN NORSKE KYRKJA Bømlo sokneråd

Høyringsuttale: Staten og Den norske kyrkje.

Vi brukar det tilsende dokumentet for avkryssing. Og gjev opp røystetal for kvart spørsmål. For å gje litt meir utfyllande svar, vil vi kommentera nokre av spørsmåla.

Spørsmål 1: Kva slags overordna prinsipp bør liggja til grunn for trus- og livssynspolitikken?

Bømlo sokneråd vil at Staten framleis skal føra ein aktiv religionspolitikk med gode støtteordningar til alle trus- og livssynssamfunn.

Vi ynskjer at Staten legg til rettes og fører ein politikk der religionen framleis må få spela ein sentral rolle i det offentlege rom, både ved at fleirtalet sin religiøse tradisjon og mindretalet sine synspunkt får koma til syne i det norske samfunnet på ein naturleg måte.

Vi ynskjer at Staten må fremja ein aktiv religionsfridom gjennom lovverk og støtteordningar. Dette må serleg gjelda opplæring av born og unge og høve til open og offentleg påvirknad og høve til å skifta religion utan negative konsekvensar.

Spørsmålet om Den norske kyrkje sin identitet og eigenart er avgjerande. For Bømlo sokneråd er det viktig at Den norske kyrkje at det vert lagt til grunn ordningar som gjev kyrkja høve til å fungera i samsvar si eiga målsetting om å vera ei vedkjennande, tenande, misjonerande og open folkekyrkje. Vi opplever ikkje at dagens ordning er i samsvar med kyrkja si eigenforståing og identitet og bør difor endrast.

Vi vil at trus- og livssynssamfunn bør vera jamstilte og ha full sjølvråderett i spørsmål som gjeld lære og leiarskap. Den Norske Kyrkja er ikkje berre ein institusjon, men eit trus- og livssynssamfunn med sjølvstendig trusgrunnlag og vedkjenning. Som ei fylgje av dette må Den Norske kyrkja sjølv velja sine prostar og biskopar.

Spørsmål 2: Den Norske Kyrkja som statskyrkje.

Alt i Sivertsen-utvalet frå 1975 vert det slått fast: *"Det er prinsipielt ikke riktig at et trossamfunn styres av Statsråd gjennom et regjeringskontor."* På sikt må alle kyrkjelege tilsette ha ein arbeidsgjevar. Statskyrkja slik ho er i dag, må avviklast.

Spørsmål 3: Kva slags lov bør Den norske kyrkje vera forankra i?

Den norske kyrkja bør ha ei rammelov som Kyrkja sjølv legg premissene for både når det gjeld organisasjonsform og struktur. Ved det vert ei slik lovforankra kyrkje meir sjølvstendig, men like fullt nær folket i alle livssamanhengar. Kyrkja vil framleis vera der for alle på ein inkluderande måte.

Spørsmål 4: Finansiering av Den norske kyrkje.

Vi støttar Gjønnnes-utvalet som peikar på at Den norske kyrkja må sikrast eit tilstrekkeleg og stabilt ressursgrunnlag både når det gjeld økonomi og personell for å kunna gje alle medlemmer eit godt og landsdekkande tilbod. Utvalet seier at Staten bør dekkja alle lønsutgifter samtidig som kommunane skal ha ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar. Dette støttar vi.

Det vil vera naturleg at storparten av finansieringa kjem frå stat og kommune. Spørsmålet om ei livsynsavgift bør greidast ut. Vi meiner den i tilfelle bør krevjast inn over skattesetelen, slik at det vert likt for alle. Vidare bør ordninga med skattefritak for gåver til Kyrkja aukast, slik at dei som ynskjer det kan vera med å styrkja kyrkja på lokalplanet. Ved større eigeninnsats, veks tilknytning og ansvar for Kyrkja.

Spørsmål 5: Valordningar.

Bømlo sokneråd meiner valordninga må vera som no. Soknet er grunneininga i Kyrkja og soknerådet har sitt mandat frå eige manntal og val. Frå det vert det ei representativ line med valde utsendingar til Bispedømerådet og Kyrkjemøtet. Men det bør arbeidast med ordningar som aukar oppslutnaden til soknerådsvala.

Spørsmål 6: Spørsmålet om §2 i Grunnlova.

Bømlo sokneråd meiner at dei politiske prinsippa som statsforfatninga byggjer på, må vera med: demokrati, rettsstat og religionsfridom. Dertil må verdiforankringa vera knytt til det kristne og humanistiske verdigrunnlaget.

Spørsmål 7: Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga?

Vi har gjennom spørjeundersøking og lokal erfaring kjennskap til at folk er svært nøgde med den ordninga som er i dag med fellesrådet som ansvarleg for kyrkjegardar og gravferd. Dei fleste stader er kyrkje og gravplass same stad eller i nærleiken av kvarandre. Det er då naturleg med sams ansvarsområde.

Dersom gravferdsforvaltninga vert lagt til kommunen, så kan det verta kommunikasjonsmessig vanskelegare og fjernare frå brukarar og dei andre tenestekategoriane i Kyrkja. I dag er det mange stader på bygdene og i mindre byar kontorfellesskap med kyrkjeverje og andre tilsette. Det gjev korte og raske kommunikasjonsliner.

Spørsmål 8: Kven bør eiga kyrkjene?

Alt frå Kyrkjeordningslova av 1897 var det slått fast at soknet åtte kyrkja. Det bør halda fram som framtidig ordning. Noko anna vil vera fleire steg attende i forståinga av at Den norske kyrkje er eit trussamfunn. Vi minner om at det i tida etter ny Kyrkjelov av 1996 har vorte ordna med skøyte og overføringar til fellesråda på Kyrkja sine kyrkjer og eigedomar.

Bømlo 20.11.06